

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart valde: Hanne Therese Åsbø og Sylvia Thör

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Samlesak for referatsaker
002/26	Samlesak for orienteringar
4	Samlesak for orienteringar 09.02.2025
003/26	Busetjing av flyktningar 2026
004/26	Detaljregulering for Etnesjøen torg- og kaiområde - Ny høyring
005/26	Fritidskortet
006/26	Rullering av retningslinjer for skuleskyss

001/26 Samlesak for referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert godkjende slik dei ligg føre.

09.02.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Behandling

RF - 001/26 Vedtak

Samrøystes

Referatsakene er godkjende slik dei ligg føre.

002/26 Samlesak for orienteringar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert tatt til vitande.

09.02.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Behandling

RF - 002/26 Vedtak

Samrøystes

Orienteringa vert tatt til vitande.

4 Samlesak for orienteringar 09.02.2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne tar saka til vitande.

09.02.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Behandling

Rådet ynskjer ei sak om gratis SFO for dei med særskilte behov, 4. til 7. klasse.

RF - 4 Vedtak

003/26 Busetjing av flyktningar 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Etne kommunestyre vedtek å busetja 15 flyktningar for året 2026 i tråd med IMDi sitt brev 31.10.2025.
2. Etne kommunestyre gjev kommunedirektøren fullmakt til å disponera integreringstilskot og andre statlege tilskot knytt til til busetjing, slik at kommunen har naudsyste ressursar og kapasitet til å ta imot 15 flyktningar i 2026
3. Busetjing av flyktningar skal så langt det er praktisk mogleg vera utanfor utanfor Etne sentrum, med omsyn til bustadtilgong og individuelle behov.

09.02.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Behandling

RF - 003/26 Vedtak

Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Samrøystes

Rådet oppmodar kommunestyret om å nøkternt vurdere talet på flyktningar ein vel å busetje for året 2026.

Ein ber og kommunestyret å vere medvetne om at tenestetilbodet til brukarane som rådet representerer ikkje vert vesentleg skadelidande.

004/26 Detaljregulering for Etnesjøen torg- og kaiområde - Ny høyring

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §12-10 vert framlegg til endring av detaljregulering for Etnesjøen torg- og kaiområde, planid 202301 i Etne kommune sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

Adminstrasjonen får fullmakt til å kvalitetsikre dokumenta og gjere mindre, ikkje-prinsippielle endringar ved behov.

09.02.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Behandling

RF - 004/26 Vedtak

Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Samrøystes

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne peikar på at universell utforming og tilgjengelegheit for alle er viktig i prosjektet.

005/26 Fritidskortet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar at ordninga med fritidskort for alle i aldersgruppa 11-15 år blir vidareført i 2026 og 2027. Det blir gjennomført ei evaluering hausten 2027 og vurdering av vidareføring av tiltaket. Tiltak blir lagt inn med kr. 250 000 pr. år, inndecking i reduksjon av årsoverskotet.

09.02.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Behandling

RF - 005/26 Vedtak

Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Samrøystes

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er positive til fritidskortet.

006/26 Rullering av retningslinjer for skuleskyss

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Hovudutvalet vedtek rullering av retningslinjer for skuleskyss slik dei ligg føre med dei endringane som er spela inn. Nye retningslinjer er gjeldande frå 1. august 2026.

09.02.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Behandling

RF - 006/26 Vedtak

Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Samrøystes

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne tek retten til skyss frå SFO til dei med særskilde behov kunne vore formulert tydlegare.